

## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Sveinung Toft	TI - &55, TI - &01	17/760

<b>Saknr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
036/2017	Kommunestyret	PS	22.06.2017

### Kjøp av areal på industriområdet på Kvamme

#### Vedlegg:

<b>Journalposttittel</b>	<b>Dato</b>
Kjøp av areal på Kvamme ved Engesund fiskeoppdrett AS dagsett 19.04.2017	14.06.2017

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Kommunestyret godkjenner kjøp av eigedom på gnr. 32 bnr. 2 innanfor Kvamme industriområde. Det vert vist til vedlagde kart dagsett 19.01.2017.**

**Rådmannen får fullmakt til å inngå kjøpsavtale, og kjøpet vert finansiert over fond.**

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn og fakta:

Reguleringsplanen for Kvamme industriområde vart godkjent den 15.05.2007. Området omfattar både hamneområde, kaiareal og indistri/næringsareal samt naudsynt vegareal og parkbelte.

Kommunen har no vore i forhandlingar med grunneigar for å kjøpa eit areal innanfor reguleringsplanen. Arealet skal så snart det ligg føre kjøpsavtale, verta delt frå/ oppmålt, og deretter skal seljast vidare til føretaket Engesund Fiskeoppdrett AS. Framlegg til avtale mellom kommunen og Engesund Fiskeoppdrett ligg ved denne saka, og viser mellom anna at dette føretaket skal betale krone 500.000,- (femhundretusen) for arealet. Eigedomen må då vera fri for økonomiske heftingar. I tillegg kjem kostnader med delingssøknad/ delingsgebyr og oppmåling, samt tinglysing og dokumentavgift til Staten

Det vert vist til vedlagde kartteikning av 19.01.2017 som viser området som skal kjøpast. Det aktuelle arealet er på om lag 5,3 dekar, og er også vist med grønt rutenett på vedlegg til denne kontrakten med Engesund Fiskeoppdrett AS.



## Vurdering

Kommunen vil først inngå kjøpsavtale med grunneigar når kjøpesummen er betalt inn på konto til Masfjorden kommune. Det er difor liten økonomisk risiko kommunen tek på seg i denne saka. Rolla til kommunen er å sikra begge partane sine interesser, samt å ivareta reguleringsplanen slik den ligg føre. Saka vert lagt fram direkte til kommunestyret sidan der ikkje har vore tid å handsama den i formanskapet.

## Konklusjon

Rådmannen meiner saka er kurant, og rår kommunestyret til å godkjenna kjøp av eigedom på gnr. 32 bnr. 2 innanfor Kvamme industriområde slik det er vist på kart dagsett 19.01.2017.

## Kommunestyret - 036/2017

### KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS - vedtak:**

**Kommunestyret godkjenner kjøp av eidegom på gnr. 32 bnr. 2 innanfor Kvamme industriområde. Det vert vist til vedlagde kart dagsett 19.01.2017.**

**Rådmannen får fullmakt til å inngå kjøpsavtale, og kjøpet vert finansiert over fond.**